



## Salsvilkår for livdyr

Dyra vert selde i den stand dei er salsdagen, utan garanti frå Nordfjord Kjøtt AS/Nordfjord Kjøtt Slakt AS. Kjøparen overtek risikoen og kostnaden frå dyret forlet fjøset til selgar. Har kjøparen ikkje høve til å undersøkje dyret før levering, bør han undersøkje det straks etter det er motteke. Er det feil ved fyret må kjøparen reklamere skriftleg straks, og seinast innan 8 dagar.

For feil kalvingstid vert det gjeve erstatning med til kvar tid gjeldande dagpenger utover 3 -tre- veker etter oppgjeven kalvingsdato. Erstatninga er avgrensa oppover til kr 500,-.

Smittsame sjukdomar, som ringorm, diaré o.a. som måtte bryte ut etter eit dyr er selt og levert, kan Nordfjord Kjøtt AS/Nordfjord Kjøtt Slakt AS ikkje ta ansvaret for.

Dyra vert ikkje trygda av seljaren utan etter skriftleg ynskje frå kjøpar, og då for kjøpar si rekning.

Betalingsvilkåra går fram av utfylt leveringssetel.

Etter forfall vert det rekna renter.

### TILLEGGSVILKÅR FOR KJØP AV LIVDYR PÅ LEIGEAVTALE.

Selde dyr er Nordfjord Kjøtt AS/Nordfjord Kjøtt Slakt AS sin eigedominntil dyra med tillegg av renter og kostnader m.m. er betalt.

Dyra må ikkje pantsetjast eller seljast.

Kjøparen er ansvarleg for dyra, og tek på seg å fore og stelle dei godt.

Dyra vert ikkje trygda av seljaren utan skriftleg ynskje frå kjøpar, og då for kjøpar si rekning.

Når dyra er slakteklar skal dei leverast til Nordfjord Kjøtt AS/Nordfjord Kjøtt Slakt AS med merknad om **Leigeavtale** ved innmelding. Skulda vert då trekt i oppgjeret for slakt.

All skuld etter leigeavtala må være betalt innan 1 – eitt- år. For gris må skuld være oppgjort innan ½ år.

Dersom kjøpar misligheld kontrakta, kan seljar kreve skulda med tillegg av kostnader innbetalt, eller krevje at dyra blir utleverte.

Nordfjord Kjøtt AS/Nordfjord Kjøtt Slakt AS har rett til å transportere denne kontrakt med rettar til tredjeperson (eventuelt bank).

**Desse vilkåra er også å finne på baksida av Leveringssetel som kjem med sjåføren på leveringsdagen.**